

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 430	17/228

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017
003/2017	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2017

Kompetanseutviklingsplan 2017-18

Vedlegg:

Journalposttittel

Kompetanseutviklingsplan 2017-18

Dato

09.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane 2017-18 slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok ein fireårsplan for kompetanseutvikling i skulane i møte 28.04.2016, sak 24/2016. Planen skal rullerast årleg i samband med søknadsfristen på statlege midlar til vidareutdanning. Med bakgrunn i det har rådmannen laga framlegg til plan for skuleåret 2017-18.

Høyring

Planen er utarbeidd av rådmannen etter innspel frå rektorane og Utdanningsforbundet.

Fakta

Dei siste åra har Masfjorden årleg hatt 1-2 lærarar på vidareutdanning i prioriterte fag. Kommunar av vår storleik vil i utgangspunktet få midlar til å vidareutdanna ein lærar årleg, men fordi ikkje alle kommunar nyttar kvoten sin fullt ut, har det vore mogeleg for oss å få utdanna fleire. I budsjettet vårt for 2017 er det sett av kr 230000, det rekk til å gje vidareutdanning til to lærarar.

Vurdering

Masfjorden har vore fullt med på og hatt stor nytte av fireårsplanane «Strategi for etter- og vidareutdanning» som vår satsing på etter- og vidareutdanning har bygd på. § 10-8 i Opplæringslova slær fast at: «Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med sær oppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling”...

Den vedlagde kompetanseutviklingsplanen skal ivareta dette aspektet.

Kommunestyret sa i sak 6/2010 at ”for å betra resultatane i basisfaga skal ein prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen.”

Kva fag våre lærarar har fått vidareutdanning i sidan ordninga kom i gang og kva fag skuleeigar vil prioritera komande skuleår, går fram av sjølve planen.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2017-18 slik han ligg føre.

Formannskapet - 022/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane 2017-18 slik det ligg føre.